



Kommunane i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eli Mette Finnøy, 71 25 85 82

Kompetanse- og innovasjonstilskot 2019

Fylkesmennene har ansvar for forvaltninga av kompetanse- og innovasjonstilskot, jf. Statsbudsjettet kap. 761, post 68. Tilskotet gjeld kompetanseheving og innovasjon for å medverke til at kommunane kan møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

Målet for ordninga

Midlane skal medverke til at kommunane sett i verk kompetansehevande tiltak og nybrotts- og utviklingsarbeid ut frå lokale føresetnader og behov.

Kven kan søkje

Kommunar kan søkje på ordninga. Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.

Beløp til fordeling i 2019 i Møre og Romsdal

Ramma vil vere om lag på same nivå som i 2018, då vi hadde 25 mill. kroner til fordeling.

Tildelingskriteriar og prioriteringsrekkefølge for ordninga:

1. Grunn-, vidare - og etterutdanning, inkludert fagområda psykisk helse og rus
2. Opplæring knytt til Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
3. Innovasjonsprosjekt

Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskingsinstitusjonar skal ha eit fortrinn. Vi viser elles til regelverket for ordninga på vår nettside.

Andre opplysningar

Det blir som hovudregel lagt til grunn ein kommunal eigenandel.

Korleis søkje

Søknad skal fyllest ut i eige søknadsskjema. Skjema finn du på våre nettsider:



<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>

Eige vedlegg til søknadsskjema kan gjerne sendast med søknaden, dersom det er behov for å kome med fleire opplysningar.

Søknaden blir å sende til Fylkesmannen på e-post: fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Søknadsfrist er 15.mars 2019.

Rapportering

Skjema og Word-dokument til bruk ved rapportering blir lagt ut på vår heimeside. Resultata av innovasjonsprosjekta skal dokumenterast og Fylkesmannen vil vurdere i kva grad prosjekta har overføringsverdi til andre kommunar. Kommunen må være budd på å medverke til vidareformidling av resultat frå prosjekta og stimulere til læring og erfaringsutveksling i samarbeid med Fylkesmannen. Frist for rapportering vil stå i tilsegnsbrevet.

Husk rapportering for 2018 med frist 1. mars 2019

Skjema ligg på vår heimeside.

Kontaktpersonar hos Fylkesmannen

Greta Hanset, fmmrgrha@fylkesmannen.no

Eli Mette Finnøy, fmmrelfi@fylkesmannen.no, tlf: 71 25 85 82

Informasjon om tilskotet med skjema for søknad og rapportering, samt regelverket, finn du på våre heimesider under Tilskotskalender her: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Tilskot/>

Med helsing

Marit Hovde Syltebø
ass. direktør

Greta Hanset

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.